



Arkivnr: 2014/11674-3

Saksbehandlar: Nils Vetlesand

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.05.2014
Fylkestinget		11.06.2014

## Grieghallen IKS - Finansiering av Peer Gynt delen av Grieghallen - endra selskapsavtale

### Samandrag

Grieghallen AS søker om utviding av låneramma i Grieghallen IKS på 35 mill. kr for å finansiera ombygging av Peer Gynt delen av Grieghallen. Selskapet vil finansiera kostnadene med den utvida låneramma i ein eigen avtale. Bakgrunnen for at Grieghallen IKS skal stå for låneopptaket er at dette selskapet – som er eigd av Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune – oppnår betre lånevilkår enn Grieghallen AS vil oppnå.

Fylkesordføraren tilrår søknaden frå Grieghallen AS og foreslår at låneramma i Grieghallen IKS vert auka til 340 mill. kr ved å endra ordlyden i § 9 i selskapsavtalen. Byrådet i Bergen tilrår også at låneramma vert auka.

Av di fungerande fylkesrådmann Johnny Stiansen er medlem av styret i Grieghallen IKS er han ugild i saka, vert saka lagd fram av fylkesordføraren.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner ombygging av Peer Gynt delen av Grieghallen for 35 mill. kr på vilkår av at ombygginga vert finansiert ved auka husleige frå Grieghallen AS til Grieghallen IKS.

Fylkestinget godkjenner at § 9 i selskapsavtalen for Grieghallen IKS vert endra slik:

«Selskapet kan ta opp lån til investeringsformål og til refinansiering av gjeld. Øvre låneramme settes til 340 mill. kr. Selskapet kan ikke stille garanti eller pantsette sine eiendeler til sikkerhet for andre økonomiske forpliktelser.»

Tom-Christer Nilsen  
Fylkesordfører

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*  
**Fylkesordføraren, 13.05.2014**

## Bakgrunn

Fylkestinget gjorde i møte 11. juni 2013, sak 34/13 Grieghallen IKS – skiping av selskap, kjøp og utleige av eigedom, slikt samrøystes vedtak:

1. Fylkestinget vedtek å delta i Grieghallen IKS og godkjenner selskapsavtalen som ligg ved saka. Selskapet vert skipa saman med Bergen kommune. Kvar av deltakarane hefter for 50 % av selskapet sine plikter. Øvre låneramme for selskapet vert sett til 250 mill. kr med tillegg av eksisterande pantegjeld i Grieghallen AS på 55 mill. kr.
2. Fylkestinget godkjenner at fylkeskommunen sin del av selskapskapitalen er kr 500 000. Summen vert finansiert ved overføring frå kapitalfondet. Fylkesrådmannen får fullmakt til å delta i stiftinga av selskapet på fylkeskommunen sine vegne og gjera budsjettendringar som følgje av overføringa.
3. Fylkestinget legg til grunn at Grieghallen IKS kjøper bygning, naglefast inventar og teknisk infrastruktur for 71 mill. kr av Grieghallen AS. I tillegg kjem dokumentavgift. 55 mill. kr av kjøpesummen vert gjort opp ved at Grieghallen IKS overtek pantegjeld i Grieghallen AS.
4. Grieghallen AS har rett, men ikkje plikt til å kjøpa Grieghallen attende til skattemessig bokført verdi når låna er nedbetalte. Bokført verdi skal reknast ut frå dagens avskrivingsreglar og anna regelverk som kan påverka skattemessig verdi. Gjenkjøpsopsjonen må utøvast innan eit år etter eigedommen er nedbetalt og har som vilkår semje mellom alle aksjonærene i Grieghallen AS.
5. Fylkestinget føreset for gjennomføring at alle avtalar knytt til prosjektet og festekontrakten vert transportert til det nye selskapet Grieghallen IKS på uendra vilkår.
6. Fylkestinget legg til grunn at fylkesrådmannen kjem attende til framtidige økonomiske konsekvensar av finansieringsopplegget i budsjettet for 2014.
7. Fylkesordføraren vert valt som medlem i representantskapet i Grieghallen IKS med fylkesvaraordføraren som personleg varamedlem.
8. Fylkesordføraren får fullmakt til i samråd med Bergen kommune å utpeika eit styremedlem med varamedlem.
9. Fylkesrådmannen får fullmakt til å nemna opp to kandidatar med varamedlemer til styret for Grieghallen IKS.»

Grieghallen IKS vart skipa for å stå for finansieringa av ombyggingsprosjektet i Grieghallen. Grieghallen IKS er eigd av Bergen kommune og fylkeskommunen. Det går fram av vedtaket at øvre låneramme for prosjektet er på 305 mill. kr.

Grieghallen AS har arbeidd med planar om også å rusta opp Peer Gynt delen av Grieghallen. Denne ombygginga er kostnadsrekna til 35 mill. kr. Styret i Grieghallen AS har tidlegare vedteke utsetja denne ombygginga inntil ein hadde oversyn over dei samla kostnadene for ombygginga av Grieghallen. Styret vedtok at detaljplanlegginga skulle halda fram og at ein ville koma attende til dette prosjektet om ombyggingskostandene viste at det let seg finansiera.

### Søknad frå Grieghallen AS

I notat av 24. april 2014 til eigarane av Grieghallen IKS Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune søker Grieghallen AS om utviding av låneramma for prosjektet med 35 mill. kr til opprusting av Peer Gynt delen av Grieghallen.

I notatet vert det peika på at prognosane for ombygginga av Grieghallen (utan ombygginga av Peer Gynt delen) viser at denne kan gjennomførast innanfor ramma på 234,6 mill. kr som tidlegare er vedteken for opprustinga.

Styret i Grieghallen AS har etter dette gjort slikt vedtak 1. april:

1. Styret beslutter at det kan arbeides videre med prosjektet Peer-Gynt innenfor en øvre låneramme på NOK 35 mill.
2. Kontraktsinngåelse for arbeider i Peer-Gynt kan bare skje etter ny behandling i styret.
3. Som følge av at finansiering av Peer-Gynt prosjektet krever politisk behandling i kommune og fylkeskommune vil gjennomføring av prosjektet først kunne skje sommeren 2015.
4. Styret gir styrets leder og adm. Direktør fullmakt til å starte drøftelser med politisk ledelse i fylkeskommunen og kommunen med sikte på å oppta ekstraordinært lån via GH IKS på totalt NOK 35 mill.»

Opprustinga av Peer Gynt delen skal altså finansierast av Grieghallen AS og vil ikkje auka belastninga for eigarane av Grieghallen IKS. Bakgrunnen for at selskapet vender seg til Bergen kommune og fylkeskommunen er spørsmålet om Grieghallen IKS kan stå som låntakar for dei siste 35 mill. kr som så vert nedbetalt av Grieghallen AS.

Grieghallen IKS oppnår vesentleg betre vilkår i lånemarknaden enn det Grieghallen AS vil oppnå og dette var også bakgrunnen for at det interkommunale selskapet vart skipa.

### **Fylkesordføraren sine merknader**

Fylkesordføraren viser til at Bergen kommune er innstilt på å imøtekomma søknaden frå Grieghallen AS. Saksførelegget i Bergen kommune til Byråd/Bystyre ligg ved saka.

Fylkesordføraren rår til at den øvre låneramma for Grieghallen IKS vert auka frå 305 mill. kr til 340 mill. kr. Vilåret er som nemnt at Grieghallen AS står for finansiering av auken på 35 mill. kr gjennom ein eigen avtale. Fylkeskommunen sin kostnad med opprustinga av Grieghallen vil vera uendra.

I det nemnde notatet frå Grieghallen AS er det opplyst at arbeida kan gjennomførast sommaren 2015. Entreprenørane har akseptert å binda seg til føreliggjande anbudsprisar så sant kontrakt vert inngått før sommaren i år.

Fylkesordføraren meiner det er fornuftig å rusta opp heile bygget når ein er i gang med ei så stor ombygging av hovuddelen av Grieghallen. Styret i Grieghallen AS har vedteke å finansiera opprustinga av Peer Gynt delen gjennom ein eigen avtale med Grieghallen IKS. Med dette som vilkår, tilrår fylkesordføraren søknaden frå Grieghallen AS.

Det vert elles vist til saksførelegget frå Bergen kommune og notat frå Grieghallen AS av 24. april 2014 som ligg ved saka.

Av di fungerande fylkesrådmann Johnny Stiansen er medlem av styret i Grieghallen IKS er han ugild i saka, vert saka lagd fram av fylkesordføraren.